

Saksbehandlar: Stig Vattekar, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3571-1

Budsjett 2016 - Fylkesrådmannen sine fullmakter i høve plansjefstillinga

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte 1,550 mill. kr sett av til arbeid med regionalt plan- og utviklingsarbeid. Større einskildløyvingar eller løyvingar av prinsipiell art skal gå til fylkesutvalet for avgjerd.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte 1,450 mill. kr til tiltak i tråd med handlingsprogrammet for klima og miljø.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2015 innafør satsingsområda i budsjettet.
4. Fylkesrådmannen skal hausten 2016 rapportere til fylkesutvalet på korleis fullmakta er blitt nytta.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Fylkeskommunen sitt budsjett for 2016 vart vedteken av fylkestinget 8. – 9. desember 2015 (sak 68/15). Fylkestinget vedtok budsjettet på tenestenivå. Hovudutvala kan endre fordelinga på eigen sektor i tråd med føringane i budsjettreglementet. Fordelinga må tilpassast ev. føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.

I budsjettreglementet pkt. 2.6.1 vert gjennomføringa av budsjett 2016 lagt til fylkesrådmannen. Her heiter det mellom anna:

"Fylkesrådmannen har ansvaret for å i verksetje vedteke budsjett.

Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet og har høve til å vidaredelegere tilvisinga til andre leiarar.

Fylkesrådmannen sitt samla oppfølgingsopplegg må formast slik at FT sine fastlagde produksjons- og aktivitetsmål vert realiserte".

Gjennom ansvarsbreva fordeler fylkesrådmannen gjennomføringsansvaret for budsjett 2016. Fylkesrådmannen gjev gjennom ansvarsbrevet (ny) plansjef fullmakt til å gjennomføre budsjettet på programområde 715.

Nettobudsjettet for 2016 for plansjefen sitt område (budsjett-tala gjeld heile året) er slik:

Teneste	Ansvar/funksjon	Namn	Sum (mill. kr)
7151	127/71511	Regionale planar og utviklingsarbeid	1,550
7152	127/71521	Tettstadutvikling	1,590
7152	127/71528	Regionvise utviklingsprogram	2,200
7152	127/71523	Idérike bygder	0,030
7153	127/71530	GIS	0,138
7153	127/71531	Panda/analyse	0,100
7153	127/71532	Ungdomstiltak	0,200
7154	127/71540	Utviklingsarbeid klima	1,450
7157	127/71571	Internasjonalt arbeid	0,660

Andre opplysningar

Utan eigne fullmakter vil det på nokre av desse områda vere trong for einskildsaker til FU der rammeløyvingar vert fordelt til tilskotsmottakarar, og bestillingar og avtalar vert konkretiserte og godkjende. Det vil difor vere praktisk med ytterlegare fullmakter til fylkesrådmannen (som så kan delegerast vidare til plansjef). Dette er ein praksis som vert nytta opp mot nokre av hovudutvala, og her tidlegare HPN.

2. FULLMAKTER 2016 - TILRÅDING

For oversikta sin del går vi her nærare gjennom dei ulike tenestene under programområde 715.

Programområde 715 – Lokal og regional utvikling

Regionalt plan og utviklingsarbeid

Det er under tenesteområde 7151 sett av 1,550 mill. kr til arbeid med regionalt plan- og utviklingsarbeid. 0,500 mill. kr av desse midlane skal kunne nyttast av alle sektorar. Administrasjonen ber om fullmakt til å forvalte alle desse midlane for å følgje opp arbeidet med regionale planar og regional planstrategi og dei forventningar som følgjer av dette.

Tettstadutvikling

Det er under tenesteområde 7152 sett av 1,590 mill. kr til tettstadutvikling. Tidlegare HPN har allereie vedteke å gje Sogndal kommune 1,300 mill. kr av denne løyvinga til fjordsti-satsinga.

Regionvise utviklingsprogram

Det er sett av 2,200 mill. kr til regionråda. Gjennom arbeid med regional planstrategi er det etablert ein dialog med regionråda, med tanke på å utvikle avtalane som ein samarbeidsarena mellom fylkeskommunen og regionråda. Avtalane blir knytt opp til oppfølging av vedtekte strategiar, regionvis eller ved anna interkommunalt samarbeid. Det er også presisert ovanfor regionråda at desse midlane skal nyttast til prosjekt/eigne tiltak i samsvar med KMD sine retningslinjer. Nye avtalar for 2016 og 2017 er under arbeid.

GIS

Det er under tenesteområde 7153 sett av 0,138 mill. kr til GIS. Midlane vert brukt til å følgje opp arbeidet med statistikk og analysar m.a. i fylkesspegelen, og ved konkrete førespurnader frå samarbeidspartane i fylket. Midlane er delvis knytt opp til faste driftsavtalar.

Ungdomstiltak

Fylkeskommunen har etablert eit samarbeid med Ungdomspolitisk Utval (UPU) for å involvere ungdom meir i det framtidige arbeidet med regional utvikling. Ungdom er ei viktig målgruppe og det vil bli gjennomført eigne verkstadar og tatt i bruk ulike metodar for å involvere ungdom. Satsinga vil bli sett i samanheng med arbeidet med regionale planar.

Panda/analyse

Midlane vert i hovudsak nytta til kontingentar og kjøp av tenester.

Internasjonalt arbeid

Posten gjeld alle sektorar, men ligg til programområdet fylkesrådmannen v/plansjefen disponerer. Midlane på 0,660 mill. kr som i hovudsak går til fellesoppgåver og oppfølging av fylkeskommunen sine forplikningar (m.a. kontingentar). Utgifter til internasjonale satsingar innafor ulike fagområde vert i utgangspunktet dekt av det aktuelle budsjettområdet.

Utviklingsarbeid klima

Det er under tenesteområde 7163 sett av 1,450 mill. kr til oppfølging av fylkesdelplanen for klima og miljø. Det er også blitt utarbeidd eit toårig handlingsprogram med detaljert oversikt over tiltak og kostnader ved dei einskilde tiltaka. Innafor handlingsprogrammet er budsjettmidlane knytt til tildeling av midlar etter søknad. For søkjarane sin del er det naudsynt med rask avklaring. Administrasjonen ber om fullmakt til å forvalte dei avsette midlane i tråd med handlingsprogrammet.

Avsette midlar tidlegare år

Ved rekneskapsavslutning 2015 vart det sett av 1,233 mill. kr av ubrukte KMD-midlar innafor tidlegare fylkesdirektør for plan og samfunn sitt ansvarsområde. Fylkesrådmannen bør få fullmakt til å disponere desse midlane i samsvar med gjeldande retningsliner frå KMD og satsingane i budsjettet.

3. KONKLUSJON

Deler av budsjettet til fylkesrådmannen v/plansjefen er av ein slik karakter at det er behov for fullmakter som kan effektivisere bruken av midlane. Fylkesrådmannen rår difor til at det no vert gitt fullmakter slik at vi kan arbeide effektivt i høve denne delen av budsjettet. I det vidare bør budsjettreglementet justerast slik at midlane kan disponerast ihht. dette. Vi vonar å få lagt det på plass ved handsaminga av budsjett rapporten pr. 1.tertial 2016 – i FT i juni-16.